



Innspel nr. B14, Næring, Utbjoa

Gnr./bnr.:	254/111
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF i kommuneplanen og næring og vegareal i eldre reguleringsplan
Foreslått arealføremål:	Næring
Arealstorleik:	Ca. 30 daa
Forslagsstillar:	Vedtak i formannskapet / Sigfred Tveit på vegne av fleire næringsaktørar
Grunneigar:	Vindafjord kommune
Skildring av innspelet:	Ta inn igjen i KPA næringsareal til sjø som er regulert i eldre reguleringsplan med bakgrunn i at det er eit privat initiativ (med fleire aktørar) som ser på området som mogleg lokasjon. Innspelet skisserer eit arealbehov fordelt på tre spreidde område på land og eit område med fylling i sjø for hamne/kaiforhold innanfor regulert næringsareal.


Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.



Utsnitt av gjeldande reguleringsplan med skisse over arealbehov for ny næringsutvikling

MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineral-ressursar	Kunnskapsgrunnlag Sjå utsnitt av kart; gamal furu på middels bonitet på. To område er registrert med aldersklasse over 100 år.  Vurdering Verdien av skog er vurdert å få svak negativ konsekvens.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Ligg innanfor naturtypen kystlandskap. Området grensar til gamal boreal lauvskog. Denne lokaliteten har verdi svært viktig på grunn av at han er ein velutvikla «regnskog» som er veksestad for ein svært sjeldan art i kategorien sterkt truga på raudlista. I sjøen utanfor sørleg del av området er eit område med stortare registrert. Det er også gjort observasjonar av fuglearter med nasjonal forvaltningsinteresse i sjøområdet. Vurdering Nedbygging av urørt natur og gamal kystfuruskog med funksjon som biotop samt at område grensar til gamal boreal lauvskog som er klassifisert som svært viktig, gir middels negativ konsekvens.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området, men området er fritt for inngrep. Vurdering Innsendt skisse viser at det er forsøkt å ta omsyn til topografi/landskap ved lokalisering av tiltak. Området ligg eksponert ned til Bjoafjorden. Ei utbygging kan bli synleg frå store avstandar og frå andre sida av fjorden. Type og omfang av tiltak er ukjent, men landskapet er urørt, derav middels negativ konsekvens.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Kunnskapsgrunnlag	

		Ingen kjente kulturminne innanfor området, men det ligg ein kolerakyrkjegard i nærleiken i sør.	
		Vurdering Type og omfang av tiltak kan få betyding for kulturopplevinga i tilknytning til kolerakyrkjegarden. Liten negativ konsekvens.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Arealet ligg i 100-metersbeltet til sjøen og er heilt fri for inngrep. Strandsone er tilgjengleg og framkommeleg langs svaberg og nokre mindre strender. Innspelet speiar seg på fire lokalitetar, men er trekt opp frå den heilt nære strandlinja bortsett frå lokalitet for kai/hamneområde.	
		Vurdering Utbygging vil påverke strandsoneverdiene og gi sterk negativ konsekvens.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Om lag halvparten av arealet ligg innanfor omsynssone friluftsliv i gjeldande kommuneplan. Vedvika er statleg sikra friluftslivsområde med stor grad av tilrettelegging.	
		Vurdering Vedvika er eit mykje brukt friluftsområde av regional verdi. Her er tilrettelagt for ulike typar aktivitetar. Omsynssona rundt friluftsområdet går inn over ein del av innspelsområdet. Fleirtalet av brukarane held seg innanfor friluftsområdet, men type næring og omfanget av næringa vil kunne gi middels negativ konsekvens for barn og unge, friluftsliv og nærmiljø.	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering. Området er regulert til næringsformål i ein eldre reguleringsplan. Ved revisjon av KPA i 2017 blei delar av regulert næringsareal sett av til LNF-formål. Det er etablerte næringsverksemdar lengst nord i regulert område, likeins er det lagt til rette med tømmerkai her. Innspelet seier lite om type og omfang av næring. Det er skissert behov for areal fordelt på tre spreidde område og eit areal i sjø til hamn/kai. Arealbehov og plassering må avklarast gjennom ny reguleringsplan. Tilkomsten frå fv 543 er noko smal og svingete, særleg siste stykket ned mot næringsområdet og ferjekaien. I gjeldande regulering var ny tilkomstveg til ferjekaien regulert, men det er ikkje lenger aktuelt. Ei næringsutvikling i området vil krevje ny reguleringsplan, der ein også må vurdere tilkomstveg. Ei utviding av næringsarealet i sørleg retning vil total sett gi eit stort næringsareal til sjø slik det også er i eldre reguleringsplan, men vil samla gi eit stort arealbeslag. Med tanke på tilkomst vil det vere naturleg at utbygginga startar i nord og utvidast i sørleg retning etter behov. Det bør vurderast sambruk av areal og av eksisterandehamne-/kaiområde. Området ligg til sjø med ei relativt god plassering i Sunnhordlandsbassenget. Middels negativ konsekvens.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Kunnskapsgrunnlag Det er infrastruktur for vatn og avløp fram til tømmerkaien og eksisterande bedrifter. Vurdering Ei næringsutbygging vidare sørover føreset ei større utbygging og investering i ny infrastruktur i form av veg, vatn og kloakk.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Tiltaket er i strid med gjeldande KPA, der området er sett av til LNF-formål. Kommunen har arealstrategi om å balansera mellom å ta vare på natur-, friluftslivs- og landbruksareal og å	

		sikra areal for næringsutvikling. Ein annan strategi er å gi mindre næringsaktørar utviklingsmogelegheiter lokalt, men at strategisk viktige næringsareal skal utviklast på Dommernes og Nerheim. Innspelet sitt arealbehov er noko uavklart. Svak negativ konsekvens.	
--	--	---	--

Samla vurdering	Innspelet vil medføra inngrep i ei urørt strandsone. Også for temaa natur, landskap, friluftsliv og nærmiljø får innspelet middels negativ konsekvens. Men det vil vere positivt med tilrettelegging for at mindre næringsaktørar får utviklingsmogelegheiter lokalt, i tråd med strategien i kommuneplanen. Type verksemd vil avgjera behovet for avbøtande tiltak. Det må stillast plankrav då gjeldande reguleringsplan er utdatert. Innspelet blei vedtatt tatt med vidare gjennom vedtak i formannskapet 10.12.2024.
------------------------	--

ROS-analyse


Hendingar/og eller ev. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om ev. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabili- tet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/ områdestabilitet Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Skog kan fungera som ein barriere for skred.	M	L	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak må vurderast	Område ligg under marin grense og derfor i aktsemdsområde for kvikkleire. Mindre del av området ligg i aktsemdsområde for snøskred, men med skogeffekt ligg det utanfor.	Fare for kvikkleireskred må vurderast av fagkyndig. Dersom ein kan sikra bevaring av skogen i området, er tryggleiken tilstrekkeleg i forhold til krava i TEK17 §7-3. Dersom skogen ikkje blir sikra bevart må det utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for snøskred, og knytast plankrav til omsynssona.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		H	L	L	M		Området ligg til sjø og vil vera utsett for stormflo, men utbygging kan skje på kotenivå som sikrar mot dette.	Det må stillast krav som sikrar mot stormflo og havnivåstigning.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det blir lagt til grunn at det ikkje vil bli etablert bygningar med varig personopphald.	Næringsformål opnar ikkje for varig opphald.
Ekstremvær/ klimaendringar Sterk vind, ekstrem nedbør /overvatn		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Arealet ligg til sjø og kan vere eksponert for sterke vindar. Innspelet vil endre overvassituasjonen, men overvatnet kan leiast til sjø	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg for tema.
Skog-, lyng- og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Det er ein del skog i området. Hendinga kan vera aktuell i periodar med langvarig tørke, noko som skjer unntaksvis.	Tilgang til sløkkjevatt og tilkomst for naudetatar må sikrast.

Menneskeskapt farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikkmengde (ÅDT 1000), Fv.543 ned mot ferjekai og næringsområde er smal.	L	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtende tiltak er naudsynt	Eksisterande veg til dagens næringsverksemdar bør forlengast og nyttast som tilkomst til nye næringsareal.	Trafikktryggleik må følgast opp i planlegging og prosjektering av området. Ev. rekkefølgekrav til utbetring av veg ned til ferjekaien.
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemds-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold	Forureingslova §7	M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtende tiltak kan bli aktuelt	Kva type næring som kjem vil vere avgjerande for om det blir behov for særskilte tiltak.	Avklarast gjennom plan.
Brann-/eksplosjonsfare		-	-	-	-	Akseptabel risiko – Avbøtende tiltak kan bli aktuelt	Vil avhenge av kva som vil bli etablert.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		L	L	L	L	Ikkje aktuelt	Type næring ikkje kjent, men kan styrast i plan	
Samla vurdering	Samla sett er det ikkje vurdert nokon større risiko for etablering av næring på areala.							

Innspel nr. VA11, Bustad og naust, Stokkastranda – Vats

Gnr./bnr.:	139/3, 11
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustad
Arealstorleik:	Ca 7.5 daa
Forslagsstillar:	Bjørn Morten Stokka for Gullbjørg Stokka. Vedtak i formannskapet
Grunneigar:	Gullbjørg Stokka
Skildring av innspelet:	Endra området frå LNF til bustadområde slik at det kan setjast i gong med plan for å utarbeida reguleringsplan for området. Vil gi attraktive tomter til unge som ynskjer å flytta attende til bygda og er fortetting av eit til dels allereie utbygd område.

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineral-ressursar	Kunnskapsgrunnlag 0,8 daa fulldyrka mark utanfor kjerneområde landbruk. Resten av arealet har litt barskog i nord og elles lauvskog. Vurdering Omdisponering av eit lite areal dyrkamark utanfor kjerneområde for landbruk. Ikkje skogressurs av betydning. Svak negativ verknad.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde naturtypar eller artar innanfor innspelsområdet eller i nærområdet. Vurdering Nedbygging av skog vil ha ein noko negativ verknad på naturmangfaldet. Skogområde er vurdert å ha ein lokal verdi som habitat. Svak negativ verknad.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde landskapsverdiar i området. Arealet grensar inntil veg og det er fleire bustadar i området. Vurdering Ein del av det nordlegaste delområdet er bratt, noko det må takast omsyn til ved utarbeiding av reguleringsplan. Svak negativ verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området, og tema er difor ikkje aktuelt.	

	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø, men ovanfor Stokkastrandvegen. Vurdering Innspelet er vurdert å ikkje ha verknad for strandsona. Nøytral verknad.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registreringar som tilseier at området har spesiell verdi for desse temaa. Vurdering I nærområde er det god tilgang til sjø og fjell. Nøytral verknad.	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Utviding/fortetting av eit eksisterande bustadområde er i utgangspunktet positivt, men området ligg langt frå skule (meir enn 4 km), butikk (på Knapphus) m.m. Ei utbygging vil i stor grad vere bilbasert. Stokkastrandvegen er smal og har ikkje opparbeid gang- og sykkelveg. Sterk negativ verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Det er private anlegg i dag og det vil bli større kostnadar om området skal kopla seg på kommunale anlegg. Området ligg til kommunal veg. Svak negativ verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet støttar opp om målet om at alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde og at det skal vera tilgjengeleg attraktive bustadtomter og varierte butilbod i alle bygder. På grunn av stor avstand til skule, butikk m.m. vil bustadbygging her vera i strid med strategien om å minska talet på personbiltransportar og få større del av den samla transporten over på sykkel, gange og kollektiv. Middels negativ verknad.	

Samla vurdering	Innspelet har sterk negativ verknad på temaa areal- og transportplanlegging og svak/middels negativ verknad for nokre andre tema. Innspelet blei vedtatt tatt med vidare gjennom vedtak i formannskapet 10.12.2024.
-----------------	--

ROS-analyse


Hendingar/og eller ev. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om ev. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabili- tet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/ områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg under marin grense og derfor i aktsemdsområde for kvikkleire. Innspelet vil medføre terrenginngrep som kan påverke områdestabilitet. Det sørlegaste delområdet ligg innanfor aktsemds- område for snøskred. Med skogeffekt ligg området utanfor.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må knytast plankrav til omsynssona.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemds- /fareområde.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Usikker	Krav i TEK17 skal oppfyllest.

Ekstremvær/ klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør /overvatn		H	L	L	M	Aakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Innspelet kan medføra endringar i overvass- situasjonen, og ein må unngå skade på omkringliggjande infrastruktur (kommunal veg) og bygningar. Usikkerheit: Ekstremvær er ikkje føreseieleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn.
Skog-, lyng- og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Vindafjord er som regel prega av mykje nedbør store delar av året.	TEK17 kap.11 - tryggleik ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Smal veg utan gang- og sykkelveg	
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd- /fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjend forureining i området frå før, og tiltaket er ikkje vurdert å forureine.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Tiltaket medfører ingen kjelder til brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for temaet områdestabilitet (kvikkleire), men innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. Ø13, Naust, Ytre Hamre - Ølen

Gnr./bnr.:	266/1
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Naust
Arealstorleik:	0,2 daa
Forslagsstillar:	Sigurd Fresvik. Vedtak i formannskapet
Grunneigar:	Sigurd Fresvik
Skildring av innspelet:	Utviding av eksisterande naustområde med 2 nausttomter i nord og 3 nausttomter i sør

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineral-ressursar	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje landbruksareal i innspelsområdet. Det er registrert eit lokalt viktig gytefelt for torsk lengre inne i Ølsfjorden. Det er ikkje registrert fiske- eller fiskeriinteresser knytt til innspelsområdet. Vurdering Innspelet blir vurdert å ikkje ha verknad på desse temaa. Nøytral verknad.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde naturtypar eller artar innanfor innspelsområdet. Ølsfjorden har moderat økologisk tilstand, og dårleg kjemisk tilstand. Fjorden er klassifisert som ein nasjonal laksefjord. Vurdering For å få nok areal for bygging av naust og ev. brygge vil det krevje noko utfylling i sjø. Svak negativ verknad.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området. Innspelsområdet ligg mellom sjøen og fylkesveg 4760, Dreganesvegen, og heller mot sjøen. Områda ligg nord og sør for eit regulert og utbygd naustområde. Vurdering	

		Tiltaket inneber etablering av naust på ei strekning av strandsona som allereie har mange naust. Tiltak vil sannsynlegvis medføre noko utfylling i sjøen. Nye naust vil vera synlege frå veg og sjø. Middels negativ verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området, og tema er difor ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Strandsona i området er i utgangspunktet lett tilgjengeleg for allmenta frå fylkesvegen, men er smal og bratt. Innspelsområda grensar til eksisterande naustområde. Vurdering Strandsona langs fylkesvegen er smal og har mindre verdi som opphalds- og rekreasjonsområde. Ytterlegare nedbygging av strandsoneareal i ein del av kommunen med press på strandsona tilseier svak negativ verknad.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert friluftslivsområde eller barnetråkk innanfor eller i nærleik av innspelsområdet. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs Dreganesvegn utanfor Roafeltet. Vurdering Endringa vil ikkje få verknadar for desse temaa. Nøytral verknad.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Innspelet er ei utviding av eksisterande naustområde. Samlokalisering av naustområde er i utgangspunktet positivt. Naustområdet ligg ca. 2,8 km frå Osen og bruken vil i hovudsak bli bilbasert. Dreganesvegen er smal og stadvis uoversiktleg. Svak negativ verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Normalt vil det vere lite behov for tilrettelegging med teknisk infrastruktur ved naust, og det er i tilfelle små samfunnskostnader ved slike tiltak. Nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Tilgang til fleire nausttomter kan støtte opp om buattraktivitet, som er ein at arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS, men ytterlegare fortetting i strandsona vil bryte med arealstrategien for berekraftig kommune, der ein skal ta vare på strandsone og natur. Også i konflikt med føresegner om at utfylling i sjø ikkje skal skje i naustområda. Middels målkonflikt, og svak negativ verknad.	

Samla vurdering	Tiltaket er ikkje i vesentleg konflikt med miljøtemaa, men vil føre til ytterlegare nedbygging av ein del av strandsona og medføra behov for utfylling i sjø. Tilliggjande naustområde er utbygde, og naustareal i området er etterspurt. Stetter opp om attraktive lokalsamfunn/bustadområde. Innspelet blei vedtatt tatt med vidare gjennom vedtak i formannskapet 10.12.2024.
-----------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller et. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om et. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabili- tet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/ områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Områda ligg under marin grense og dermed i aktsemdsområde for kvikkleireskred. Områda ligg innanfor aktsemdsområde	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for skred. For tiltak i klasse K0: vurdere om det er naudsynt med faresone-kartlegging.

							snøskred. Med skogeffekt ligg det utanfor.	
							Områda ligg innanfor aktsemdsområde for utløp av jord- og flaumskred.	
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Området ligg innanfor aktsemdsområde for 20-års stormflo. Akseptabelt sannsyn for F1-tiltak.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemds.-grad. Blir vurdert som ikkje aktuelt då naust ikkje skal ha varig opphald.	
Ekstremvær/ klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn	Avrenning til sjø	H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvær. Nærleik til sjø gjer at overvatn blir vurdert som eit mindre problem. Usikkerheit: Ekstremvær er ikkje føreseieleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng- og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje skog i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikk- mengde, men smal og stadvis uoversiktleg veg	L	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt		
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er ikkje høgspantanlegg i området.	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ingen kjent forureining i området frå før, og tiltaket i seg sjølv blir ikkje vurdert å medføre forureining.	
Brann- /eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Tiltaket medfører ingen kjelder til brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire) men innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. Ø14, Naust, Kåtabøvika - Ølen

Gnr./bnr.:	269/1
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Naust
Arealstorleik:	0.4 daa
Forslagsstillar:	Lars-Magne Stangeland. Vedtak i formannskapet
Grunneigar:	Lars-Magne Stangeland
Skildring av innspelet:	Utviding av eksisterande naustområde

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineral-ressursar	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje landbruksareal i innspelsområdet. Det er registrert eit lokalt viktig gyttefelt for torsk litt lengre inne i Ølsfjorden. Det er ikkje registrert fiske- eller fiskeriinteresser knytt til innspelsområdet. Vurdering Innspelet blir vurdert å ikkje ha negativ verknad på gyteområdet. Nøytral verknad.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde naturtypar eller artar innanfor innspelsområdet. Ølsfjorden har moderat økologisk tilstand, og dårleg kjemisk tilstand. Fjorden er klassifisert som ein nasjonal laksefjord. Vurdering For å få nok areal for bygging av naust og ev. brygge vil det krevje noko utfylling i sjø. Svak negativ verknad.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde verdiar knytt til landskap i området. Innspelsområdet ligg mellom sjøen og fylkesveg 4760 - Dreganesvegen, og heller mot sjøen. Området ligg mellom eit regulert og utbygd naustområde(sør) og to naust i nord. Vurdering Tiltaket inneber etablering av naust på ei strekning av strandsona som allereie har mange naust. Tiltak vil sannsynlegvis medføre noko utfylling i sjøen. Nye naust vil vera synlege frå veg og sjø, og vil «tette igjen» eit område som er ope mot fjorden. Middels negativ verknad.	

	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området, og tema er difor ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Strandsona i området er i utgangspunktet lett tilgjengeleg for ålmenta frå fylkesvegen. Eit av få område som ikkje er utbygd på denne strekninga. Innspelsområdet grensar til eksisterande naustområde. Vurdering Sjølv om strandsona langs fylkesvegen er smal har den ein verdi som opphalds- og rekreasjonsområde. Ytterlegare nedbygging av strandsoneareal i ein del av kommunen med press på strandsona tilseier middels negativ verknad.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert friluftslivsområde eller barnetråkk innanfor eller i nærleik av innspelsområdet. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs Dreganesvegn utanfor Roafeltet. Vurdering Endringa vil ikkje få verknadar for desse temaa. Nøytral verknad.	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Innspelet er ei utviding av eksisterande naustområde. Samlokalisering av naustområde er i utgangspunktet positivt. Naustområdet ligg ca. 1,7 km frå Osen og bruken vil i hovudsak bli bilbasert. Dreganesvegen er smal og stadvis uoversiktleg, noko som tilseier svak negativ verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Normalt vil det vera lite behov for tilrettelegging med teknisk infrastruktur ved naust, og det er i tilfelle små samfunnskostnader ved slike tiltak. Nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Eit naustområde kan støtte opp om buattraktivitet, som er ein at arealstrategiane for satsingsområdet attraktive lokalsamfunn i KPS, men ytterlegare fortetting i strandsona vil bryte med arealstrategien for berekraftig kommune, der ein skal ta vare på strandsona og natur. Også i konflikt med føresegn om at utfylling i sjø ikkje skal skje i naustområda. Middels målkonflikt, og svak negativ verknad.	

Samla vurdering	Tiltaket er ikkje i vesentleg konflikt med miljøtemaa, men vil føre til ytterlegare nedbygging av ein del av strandsona og medføra behov for utfylling i sjø. Tilliggjande naustområde er utbygde, og naustareal i området er etterspurt. Stetter opp om attraktive lokalsamfunn/bustadområde. Innspelet blei vedtatt tatt med vidare gjennom vedtak i formannskapet 10.12.2024.
------------------------	--

ROS-analyse


Hendingar/og eller ev. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om evt. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabili- tet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/ områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred. Området ligg innanfor aktsemdsområde snøskred. Med skogeffekt ligg det utanfor.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av sannsynleg område for skred. For tiltak i klasse K0: vurdere om det er naudsynt med faresone- kartlegging.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Nedre del av området ligg innanfor aktsemdområde for 20-års stormflo. Akseptabelt sannsyn for F1-tiltak.	
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemds- grad. Blir vurdert som ikkje aktuelt då naust ikkje skal ha varig opphald.	
Ekstremvêr/ klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/overvatn		H	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Auka hyppigheit av ekstremvêr. Nærleik til sjø gjer at overvatn blir vurdert som eit mindre problem. Usikkerheit: Ekstremvêr er ikkje føreseieleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på bygningar og anlegg.
Skog-, lyng- og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ikkje skog i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikk- mengde, men smal og uoversiktleg veg	L	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt		
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er ikkje høgspantanlegg i området.	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ingen kjent forureining i området frå før, og tiltaket i seg sjølv blir ikkje vurdert å medføre forureining.	
Brann- og eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ingen kjelder til brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Vurdert som ikkje aktuelt for innspelet.	

-Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett								
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet (kvikkleire) men innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							

Innspel nr. Ø15 husklyngje på Økland - Ølen

Gnr./bnr.:	284/2 og 5
Dagens arealføremål (0-alternativet):	LNF
Foreslått arealføremål:	Bustadformål - husklyngje
Arealstorleik:	Ca. 4.5 daa
Forslagsstillar:	Trond Haugland. Vedtak i formannskapet
Grunneigar:	Trond Haugland
Skildring av innspelet:	Endring frå LNF til bustadformål; husklyngje

Kartutsnitt/foto:



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan/ evt. reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss

MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineral-ressursar	Kunnskapsgrunnlag Arealet omfattar eit eksisterande bustadhus og 2.7 daa fulldyrka jord. Området ligg i kjerneområde landbruk i gjeldande KPA. Vurdering Det ligg eit bustadhus innanfor innspelsområdet. Dette er ønskt frådelt og inngå i husklyngja. Arealet ligg tett på driftsbygningane på garden og jordbruksareala og vil medføra nedbygging av dyrka mark. Middels negativ konsekvens for landbruket.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilde naturtypar eller artar innanfor innspelsområdet eller i nærområdet. Vurdering Innspelsområdet og areala rundt er i hovudsak dyrka mark. Det er såleis ikkje stort potensiale for særskilte naturverdiar i området. Nøytral konsekvens.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Området ligg vestvendt i skrånande terreng. Jordbrukslandskapet dominerer. Det ligg frådelt og bebygde bustadtomter sør for området.	

		Vurdering Ei utbygging med 2-3 nye hus, vil kunne inngå i eksisterande landskapsbilde. Verknader på landskapsbilde vil bli avgrensa til nærområdet. Nøytral konsekvens.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området, og tema er difor ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Uaktuelt tema.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Det er gang- og sykkelveg frå Ølen og fram til Øklandsvegen. Barnetråkkregistreringa viser ingen tråkk. Vurdering Innspelet blir vurdert å få nøytrale konsekvensar for temaa. Det er kort veg til skog og fjell.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Utviding/fortetting av eit eksisterande bustadområde er i utgangspunktet positivt, men området ligg relativt langt (ca. 3 km) frå skule, butikk m.m. Ei utbygging vil i stor grad vera bilbasert. Svak negativ verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ikkje offentlege anlegg i området, må løyast privat. Ligg ved kommunal veg. Svak negativ verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Støttar ikkje opp om Ølen som samlande kommunesenter ved å spreia busetnaden og er i strid med strategien om å verna om dyrka mark, men vil bidra til eit variert butilbod i bygda. Husklyngjer er nytta som verkemiddel i bygdene Imsland, Bjoa og Vikebygd (bygder med busettingsomsyn), som eit alternativ til bustadområde med plankrav. Ei husklyngje nær tettstaden Ølen bryt med dette.	

Samla vurdering	Ei husklyngje relativt nær tettstaden Ølen vil bidra til eit variert butilbod, men det kan undergrave husklyngjer som verkemiddel i bygdene med busettingsomsyn. Innspelet blei vedtatt tatt med vidare gjennom vedtak i formannskapet 10.12.2024.
------------------------	--


ROS-analyse

Hendingar/og eller ev. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om ev. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabili- tet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/ områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ligg like utanfor aktsemdsområde for snøskred. Område ligg over marin grense.	
Stormflo/ havnivåstigning/		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		

flaum i elv eller bekk								
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Moderat til låg aktsemdsgrad.	
Ekstremvêr/ klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/ overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Innspelet kan medføra endringar i overvass-situasjonen, og ein må unngå skade på omkringliggjande infrastruktur (kommunal veg) og bygningar. Usikkerheit: Ekstremvêr er ikkje føreseieleg.	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må det sikrast tilstrekkeleg drenering og handtering av overvatn, for å unngå skade på nedanforliggjande bygningar og anlegg.
Skog-, lyng- og grasbrann	Nasjonalt bålforbod	L	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Det er lite skog i området.	TEK17 kap.11 - tryggheit ved brann må uansett følgjast ved oppføring av bygningar.
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg trafikkmengde på Øklandsvegen	M	M	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Tiltaket vil føra til auka trafikk på Øklandsvegen. Her er ikkje gang- og sykkelveg og auka trafikkmengd kan føra til større risiko for ulukker med mjuke trafikantar og køyrande.	
Høgspenst		-	-	-	-	Ikkje aktuelt.	Det ligg ikkje høgspenstlinjer i eller i nærleiken av området.	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Ingen kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv vil ikkje forureina.	
Brann- og eksplosjonsfare		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Samla vurdering	Samla sett er det ikkje vurdert større risiko ved tiltaket.							

Innspel nr. Ø16, Utviding av sentrum mot aust, - Ølen

Gnr./bnr.:	281/103, 207, 243, 271 og 281
Dagens arealføremål (0-alternativet):	KPA: Bustad og friområde RP: Bustad, naust og turveg
Foreslått arealføremål:	Sentrumsføremål
Arealstorleik:	2,9 daa
Forslagsstillar:	Vedtak i formannskapet
Grunneigar:	Ove Arild Christiansen, Magne og Tore Christiansen, Mittdistrikt Invest As
Skildring av innspelet:	Endre frå bustadføremål til sentrumsføremål
Kartutsnitt/foto:	



Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan og reguleringsplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineral-ressursar	Kunnskapsgrunnlag Ikkje aktuelle tema.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag Arealet er delvis utfyllt og opparbeidd. Vurdering Nøytral verknad.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert særskilte verdiar knytt til landskap i området. Innspelsområdet er på ei flate på sjøsida av Dreganesvegen. Det er gitt løyve til å bygge to naust. Utfylling og etablering av steinsett kant mot sjøen er utført. Vurdering Området ligg i tilknytning til større bygningar (m.a. Ølen kulturhus/Sjøperlo og Ølen vidaregåande skule) og bustadområde. Utbygging krev ikkje store terrenginngrep. Nøytral verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området, og tema er difor ikkje aktuelt.	
	Strandsone	Kunnskapsgrunnlag Området ligg i strandsona, tett inntil eksisterande sentrumsformål med offentlege funksjonar som kulturhus, bibliotek, vidaregåande skule og småbåthamn i nærleiken. Utfylling og etablering av steinsett kant mot sjøen er utført. Det er etablert turveg langs sjøkanten.	

		Vurdering Ei utbygging må ta omsyn til allmenta sine interesser og oppretthalda framkomsten (turvegen) langs sjøen. Svak negativ konsekvens.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag Innspeletområdet ligg sentralt i Ølen sentrum, med kort avstand til sentrumsfunksjonar, skule, barnehage og idrettsområde m.m. Avstanden til omkringliggjande bustadareal (Litlehagen og Roa) langs Dreganesvegen er kort. Vurdering Den sentrale plasseringa gjer det er mogleg å byggja på eksisterande nærmiljø og miljø for born og unge, utan at det får negativ verknad for verdiar knytt til folkehelse og friluftsliv. Positiv verknad.	

S A M F U N N	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Innspelet opnar for utviding av Ølen sentrum i austleg retning og kan gi rom for høgare grad av utnytting av areala. Dette kan redusera behovet for nye utbyggingsområde og legg til rette for miljøvennleg transport, med gangavstand til sosial infrastruktur og sentrumsfunksjonar. Positiv verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Innspelet vil krevja påkopling til eksisterande infrastruktur i området. Kommunale anlegg i området. Nøytral verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering Innspelet er i tråd med satsingsområde knytt til attraktive lokalsamfunn, og med arealstrategi om fortetting, tilrettelegging for sentrumsføremål i tettstadane og variert butilbod. Støttar opp under målet å utvikla Ølen som eit samlande kommunesenter og legg til rette for miljøvennleg transport. Positiv verknad.	

Samla vurdering	Innspelet inneber omgjerung frå bustadføremål og friområde til sentrumsføremål i eit sentralt område i Ølen sentrum. Konflikta med andre tema er små. Samla sett inneber tiltaket ei god måloppnåing knytt til KPS, og liten konflikt med andre tema. Innspelet blei vedtatt tatt med vidare gjennom vedtak i formannskapet 10.12.2024.
-----------------	---

ROS-analyse


Hendingar/og eller ev. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens-reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om ev. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabilitet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire	Her er allerede utførte terrenginngrep	H	M	L	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg under marin grense og derfor i aktsemdsområde for kvikkleireskred. Terrenginngrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må knytast plankrav til omsynssona.
Stormflo/havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		H	L	L	M	Akseptabel risiko – men avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg delvis i le av Holmen og småbåthamna.	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for stormflo. Situasjon må utgreiast og avbøtande

								tiltak innarbeidast på reguleringsplannivå.
Radon		-	-	-	-		Moderat til låg aktsemdsgrad.	
Ekstremvær/ klimaendringar Sterk vind, ekstrem nedbør /overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko, men avbøtande tiltak er naudsynt	Området kan vera eksponert for sterke vindar. Overvatn kan leiast til sjø	Ved planlegging og prosjektering av tiltak må tilhøve som følgje av klimaendringar takast omsyn til.
Skog-, lyng- og grasbrann		-	-	-	-	Ikkje aktuelt		
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel	Låg fartsgrense, moderat trafikkmengde, god sikt	M	M	L	L	Akseptabel risiko men avbøtande tiltak bør vurderast	Avhengig av kva som vil bli bygd, kan endringa føra til auka trafikkmengde og fleire mjuke trafikantar. Dette kan føra til auka risiko for ulukker mellom gåande/ syklande og køyrande.	Trafikktryggleik må følgjast opp i planlegging og prosjektering av området.
Høgspent		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemds-/fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Delar av området ligg i gul støysone langs Dreganesvegen. Ingen anna kjend forureining i området frå før og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert medføre forureining.	Det må takst omsyn til trafikkstøy ved planlegging og prosjektering.
Brann-/eksplosjonsfare		M	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Type verksemdar som kan tillatast innanfor sentrumsfremål kombinert med bustad blir ikkje vurdert å gje auka risiko og sårbarheit for brann- og eksplosjonsfare.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber - Vassnett		L	L	L	L	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak er ikkje naudsynt	Det er ikkje kjent kva for tiltak som er tenkt etablert på området. Ein ser ikkje for seg at tiltak som let seg kombinera med bustad kan utgjere større risiko på kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet. Ei utbygging kan bli påverka av stormflo og ekstremvær/overvatn, men kan tilråddast ved implementering av avbøtande tiltak. Samla sett er risiko ved tilråding av tiltaket vurdert som akseptabel.							



Innspel nr. ØV05 og ØV06, Næring, Myrastranda - Ølensvåg

Gnr./bnr.:	292/1
Dagens arealføremål (0-alternativet):	Kommuneplanen: park, parkeringsplass og sjøareal Reguleringsplan (landareal på nordsida av E134): friområde, badeplass og parkering
Foreslått arealføremål:	Næring
Arealstorleik:	Heile =100 daa til sjø, 48 daa på land. ØV05 =100 daa til sjø, 30 daa på land ØV06 = 12 daa til sjø, 18 daa på land
Forslagsstiller:	1. Chainco v/ Reidar Matre og 2. Henry Alvseike. Vedtak i formannskapet
Grunneigar:	Landarealet: Henry Alvseike
Skildring av innspelet:	1. Behov for eit større næringsområde knytt til sjø blant anna for lagring og sal av kjetting til offshore- og landbasert industri – utfylling av areal i sjø. Det er alternativt og ønskje om å utvikle område på sør sida av E134. 2. Føreslår alternativt areal på sørsida av E134 i forhold til innspelet frå Chainco.

Kartutsnitt/foto:



Heile ØV05 og ØV06



ØV05 til venstre og ØV06 til høgre. Flyfoto og utsnitt av gjeldande kommuneplan. Innspelsområdet er vist med blått omriss.

MILJØ	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Landbruk, fiske og mineral-ressursar	Kunnskapsgrunnlag Ca. 22 daa fulldyrka og ca. 3 daa innmarksbeite ligg innanfor innspelsområdet. Det er registrert gyteområde for torsk i Ølsfjorden. Vurdering Innspelsområdet stekkjer ut mot det registrerte gyteområde og aktivitet i og i tilknytning til eit næringsområde her kan påverka gyteområdet negativt. Viktige landbruksareal vil bli omdisponert. Sterk negativ konsekvens.	
	Naturmangfald, vassmiljø og karbonlagre	Kunnskapsgrunnlag I Naturbase er heile fjorden vist som modellert område for ålegras. Dette er ikkje reelt, men i dei grunne områda inn mot stranda kan det vera pårekneleg med førekomst av ålegras. Det er registrert førekomst av geitsvingel og havstarr (ansvarsartar) ask (trua art) i området. Vidare er det registert framande artar: kjempespringfrø, syrin, hagenellik, tunbalderbrå og stikkelsbær. Det er registrert fleire raudlista fugleartar knytt til Ølsfjorden. Fjorden har moderat økologisk tilstand, og dårleg kjemisk tilstand. Ølsjøen er ein del av den nasjonale laksefjorden <i>Etnefjorden – Ølsfjorden</i> Vurdering Det er nasjonale interesser knytt til Ølsfjorden som nasjonal laksefjord. Ei stor utfylling vil pårekneleg ha negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet m.a. knytt til dei grunne områda inn mot land. Forureining gjennom partikkelspreiing frå utfylling vil bli av mellombels karakter, men med eit så stort omfang kan dette negativt til den samla belastinga på fjorden. Sterk negativ verknad.	
	Landskap	Kunnskapsgrunnlag Det er ikkje registrert spesielle landskapsverdiar i området. Vurdering Delar av landareal på nedsida av E134 området er allereie opparbeid og dyrka. Området ligg like ved veg, og er allereie godt synleg frå begge sider av fjorden og ved utfylling vil området framstå som ei stor flate ut i fjorden og landskapsrommet. Middels negativ verknad.	
	Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg restar av grunnmur av eit naust i området. Kart viser ei Sefrak-registrering, men dette er anten rive eller ei feilregistrering av det tidlegare naustet. Det er ikkje registrert andre kulturminne eller kulturmiljø i området. Nøytral konsekvens.	
	Strandsone	Vurdering Innspelet ligg i strandsona og er på nedsida av E134 delvis resultat av utfylling. Strandsoneverdiar er knytt til arealet på nedsida av E134. Ein del av arealet her er oppdyrka, men delar har naturleg strandlinje med svaberg og strand. Strandsona i er i utgangspunktet relativt tilgjengeleg for ålmenta, men E134 er ein barriere mellom gang- og sykkelvegen og området. Sterk negativ verknad.	
	Barn og unge, nærmiljø, friluftsliv og folkehelse	Kunnskapsgrunnlag I gjeldande reguleringsplan er området på nedsida av vegen regulert til friområde og badeplass, men er no delvis opparbeidd og dyrka. E134 er ein barriere for bruk av området for friluftslivsaktivitetar, då gang- og sykkelvegen ligg på motsett side. Vurdering Avhengig av kva aktivitet som vil koma i området, kan dette ha negativ verknad på nærmiljø og folkehelse som følgje av støy, ljøs m.m. Middels negativ verknad.	

SAMFUNN	Tema	Vurdering av konsekvensar	
	Areal og transportplanlegging	Vurdering Området ligg tilgjengeleg frå E134 og sjøen og sentralt plassert i forhold til eksisterande næringsverksemd i fjorden elles. Næringsareal på begge sider av E134 kan vera utfordrande for trafikkavvikling og -tryggleik. Svak negativ verknad.	
	Teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp (VVA)	Vurdering Ei utbygging vil krevje infrastrukturtiltak i form av og teknisk infrastruktur, som vil medføre samfunnskostnader. Kommunalt avløpsanlegg ligg som går fram til vestsida av Berge Sag. Leidningsnettet til Ølen vassverk er ikkje kjent. Svak negativ verknad.	
	Målsettingar i KP	Vurdering I arealplanlegginga skal kommunen «balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsone og behovet for næringsareal» og «rett verksemd skal på rett stad». xxxxxxx Tiltaket vil vera i mogleg konflikt med strategien om at kommunen skal «arbeida for at alle vassførekomstar skal ha god økologisk og god kjemisk tilstand». xxxxxx	

Samla vurdering	Innspelet vil gir sterk negativ konsekvens for tema fiske, naturmangfald og strandsone. Også for temaa landskap, friluftsliv og nærmiljø, areal- og transport får innspelet middels negativ konsekvens. Men det vil vere positivt med tilrettelegging for næringsareal til sjø. Type verksemd vil avgjera behovet for avbøtande tiltak. Det må stillast plankrav. Innspelet blei vedtatt tatt med vidare gjennom vedtak i formannskapet 10.12.2024.
------------------------	--

ROS-analyse

Hendingar/og eller ev. årsak til hending	Sannsyn- og konsekvens- reducerande barrierar	Sannsyn	Konsekvensar			Risiko	Grunngi vurdering og grei ut om ev. usikkerheit knytt til vurderinga	Plangrep/ avbøtande tiltak
			Liv og helse	Stabili- tet	Mat. verdi			
Naturskapte farar								
Ras/skred/ områdestabilitet -Jord- og flaumskred, snøskred, steinsprang, kvikkleire		H	M	M	M	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Område ligg under marin grense og derfor i aktsemdsområde for kvikkleireskred. Terrenginngrep kan føra til endringar i områdestabilitet og dermed fare for kvikkleireskred.	Det må utarbeidast omsynssone (H310) som viser utstrekninga av potensielle område for kvikkleireskred. Det må knytast plankrav til omsynssona.
Stormflo/ havnivåstigning/ flaum i elv eller bekk		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ein stor del av området som er sjøareal er føresett utfyllt og er omfatta av stormflonivå for alle gjentaksintervall. Avhengig av kva som skal etablerast i området vil stormflo og bølgjepåverknad måtte takast omsyn til. Det er registrerte eit aktsemdsområde flaum frå bekken i vest.	Det må utarbeidast omsynssone (H320) som viser utstrekninga av potensielle område for stormflo. Det må knytast plankrav til omsynssona.
Radon		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det blir lagt til grunn at det ikkje vil bli etablert bygningar med varig personopphald.	

Ekstremvær/ klimaendringar - Sterk vind - Ekstrem nedbør/ overvatn		H	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Sterkere vind som følge av klimaendringar kan få konsekvensar for tiltak. Usikkerheit: Ekstremvær er ikkje føreseieleg	Tiltak må dimensjonerast for å tola auke i vind og bølgepåverknad.
Skog-, lyng- og grasbrann		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Det er ikkje skog i området.	
Menneskeskapte farar								
Ulukker med transportmiddel		H	H	M	L	Uakseptabel risiko – Avbøtande tiltak er naudsynt	Området ligg i tilknytning til og på begge sider av E134.	Krav om reguleringsplan med meir detaljert ROS- analyse.
Høgspenn		-	-	-	-	Ikkje aktuelt	Ligg ikkje i aktsemd- /fareområde	
Forureining -til luft, grunn, vatn, lydforhold		M	L	L	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Avhengig av kva tiltak som blir realisert i området, vil det vera risiko for utslepp av forureinande stoff til sjø. Usikkerheit tilseier høgare risiko. Delar av området ligg innanfor raud støysone langs E134.	Krav om reguleringsplan med meir detaljert ROS- analyse, inkl. støyvurdering på omgjevnadane.
Brann- /eksplosjonsfare		M	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Avhengig av kva tiltak som blir realisert i området, kan det vera tiltak representera ein risiko for omgjevnadane.	
Skade på kritisk infrastruktur -Vegar - Kraftforsyning - Tele/fiber -Vassnett		M	L	M	M	Akseptabel risiko – Avbøtande tiltak bør vurderast	Ev. tiltak og aktivitet på begge sider av E134 kan føra med seg risiko for skade og trafikkstans på E134 som er ein kritisk infrastruktur.	
Samla vurdering	Risiko er uakseptabel for tema områdestabilitet, men innspelet kan tilråast ved implementering av avbøtande tiltak/plangrep. vurdert som akseptabel.							